

## SU seier ja til opne standardar

Opne standardar på nettet er på full veg fram. Sosialistisk Ungdom ser med glede på dette, og oppfordrar både medlemmer og alle andre om å nytta opne standardar ved eitkvart høve. Særleg utfordrar vi andre organisasjonar og verksemder, men òg privatpersonar.

Regjeringa har vedtatt at frå og med neste år skal all offentleg informasjon publiserast i eit opent format. SU følgjer no etter, og alt som blir lagt ut av informasjon på SU sin nettstad framover vil vera i eit opent format.

Opne standarder er reglar og retningslinjer for lagring og utveksling av data i til dømes filtypar og program. Kven som helst kan lese korleis dei er laga, utvikla dei vidare og bruka dei sjølv, om og som ein ønskjer. Det inneber også at ein sjølv kan velje kva program ein vil opna fila i, og dermed er ein ikkje bundi opp mot eit bestemt selskap. Ein er sikra at standarden alltid vil vera gratis tilgjengeleg, og vil vere like lett å opna om tjue år som i dag. Fridomen til å velje det programmet ein sjølv ønskjer, og ikkje måtte betala i dyre dommar for å få opna sine egne filer, er for Sosialistisk Ungdom eit nøkkelpriinsipp.

Kjeldekode er koden som får dataprogram til å virke. Open kjeldekode kjenneteiknes av at han er open for innsyn av alle, kan endrast av alle, kan brukast om i annan programvare, og fritt delast med andre. Dette er ein stor ressurs for oss som lever i den teknologiske verda. Det er deling av kunnskap, så ein slepp å finna opp hjulet på nytt. Det gjer den som ønskjer det mulegheit til å læra av korleis andre har gjort ting før og såleis bli mykje meir effektive enn i dag. Det opnar for deltaking for alle som vil, og at kven som helst kan ta del i å forbetra noko - SU helsar folkeleg engasjement og deltaking velkommen!

Open kjeldekode-miljøa har vist seg som eit godt døme på at folk kan organisera seg sjølve, og at samarbeid frambringar kunnskap og gode resultat. Dei har til dømes produsert avanserte operativsystem og nettsystem og program. Saman kjem ein lengre enn aleine, og folk treng ingen kapitalistisk pisk eller økonomisk gulrot for å gjera noko. Sosialistisk Ungdom ser at open kjeldekode-miljøa er eit godt døme på at dugnadsanden framleis lever i beste velgåande, og stør heilhjerta opp under denne.

### **Sosialistisk Ungdom krev derfor:**

- At offentlege organ og allmennkringkastarar skal bruke opne standardar.
- At all programvare det offentlege kjøper skal følgje opne standardar. Stat og kommune bør etterspørre programvare som stør opne standardar og brukar open kjeldekode ved offentlege innkjøp. Programkode betalt av og utviklet for det offentlege bør også eies av det offentlege, og gjerast fritt tilegjenlege også for andre statar.
- At staten krev at dei større programvareleverandørane opner sine formater og eventuelt òg går over til allereie opne format.' Dei kan om nødvendig få ein eingongskompensasjon for dette.
- At alle norske skuler og utdanningsinstitusjonar går over til opne standardar og open kjeldekode, og gir sitt IT-personale opplæring i det.
- Fortsatt og forsterka satsing på Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare.